

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 16. november 2007 kl 1300 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Val av nytt styremedlem

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Frå styret møtte:

Styreleiar Oddvard Nilsen
Gunnvor A. Sunde
Ellen Solheim
Kari Oftedal Lima
Reidun Korsvoll
Inger F. Hamborg
Aslaug Husa

Frå administrasjonen møtte:

Administrerande direktør Herlof Nilsen

Også til stades:

Rådgjevar Torild Næss

Riksrevisjonen var varsle i samsvar med lov om helseforetak og deltok ved Kristin Madsen

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndigkeit, velkommen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Per Bleikelia vart valde til å underskrive protokollen.

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurte om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Val av nytt styremedlem

Møteleiar spurte om det ligg føre forslag til nytt styremedlem.
Ekspedisjonssjef Per Bleikelia orienterte om saka.

Svein Andersen meldte frå til departementet som eigar 8. november d.å. om at han trekk seg som medlem av styret for Helse Vest RHF.

Etter lov om helseforetak § 24 blir styremedlemma valde for to år. Styremedlemma kan likevel tre tilbake før tenestetida er ute, jf lov om helseforetak § 25. Bestemmingane i lov om helseforetak om tenestetid er lik tilsvarende bestemmingar i statsføretakslova. I statsføretak har man tidlegare vald nye styremedlem ved suppleringsval for kortare tenestetid enn to år. Dette gjeld og i høve der fleire eller alle eigarvalde styremedlem har trekt seg eller blitt avsett før tenestetida er ute. Føretaksmøtet ser det som god praksis at styra i dei regionale helseføretaka blir valde for same toårs periode.

Nytt styremedlem vert oppnemnd i samsvar med bestemmingane i lov om helseforetak § 21, tredje ledd.

Føretaksmøtet vedtok:

For perioden frå 16. november 2007 til det vert halde føretaksmøte i januar 2008 velgast Gunnar Berge som representant til styret for Helse Vest RHF.

Møte vart heva kl 13.05



Per Bleikelia

Oslo 16. november 2007



Oddvard Nilsen